



# Norges Bygdekvinnelag





Sist revidert juni 2022

Forsidefoto: Jon Marius Nilsson

Besøksadresse: Hollendergata 5, 3. etasje

Postadresse.: Postboks 9358 Grønland, 0135 Oslo

Telefon: 22 05 48 15

E-post: [post@bygdekvinnelaget.no](mailto:post@bygdekvinnelaget.no)

Nettside: [www.bygdekvinnelaget.no](http://www.bygdekvinnelaget.no)

# Innhald

## VEDTEKTER

---

### Side 4

- § 1 Føremålet med organisasjonen
- § 2 Hovudoppgåver og arbeidsform
- § 3 Medlemskap

### Side 5

- § 4 Organisasjon

### Side 6

- § 5 Landsmøte/årsmøte

### Side 9

- § 6 Landsmøtet/årsmøtets sine oppgåver

### Side 10

- § 7 Styret

### Side 11

- § 8 Økonomisk ansvar

### Side 12

- § 9 Kontingent
- § 10 Fond
- § 11 Rekneskap

### Side 13

- § 12 Meldingar
- § 13 Endring av vedtektene
- § 14 Stifting av nye lokallag

### Side 14

- § 15 Samanslåing av lokallag
- § 16 Samanslåing av distriktslag

### Side 15

- § 17 Overgang til nytt distriktslag
- § 18 Oppløysing av lokallag

### Side 16

- § 19 Oppløysing av distriktslag
- § 20 Oppløysing av Norges Bygdekvinnelag

## REGLAR OG INSTRUKS

---

### Side 17

- I Val av valnemd

### Side 18

- II Valnemnda sitt arbeid



# Vedtekter

## § 1 Føremålet med organisasjonen

---

Føremålet med organisasjonen er å samle kvinner som ser meninga i aktive bygdemiljø og primærnæringane. Norges Bygdekvinnelag er ein partipolitisk nøytral organisasjon som skal ivareta kulturelle, sosiale og økonomiske interesser for kvinnene og bygdefolket, og byggje på likeverd, demokrati og kristen kulturarv.

## § 2 Hovudoppgåver og arbeidsform

---

Organisasjonen sine prioriterte oppgåver er sette i politisk plattform, budsjett, strategidokument og arbeidsplan.

## § 3 Medlemskap

---

- a. Alle som støttar Norges Bygdekvinnelag sitt føremål kan bli medlem av Norges Bygdekvinnelag. Medlemskap er personleg. Medlemene er tilslutta eit lokalt lag. Der lokallag ikkje finst, er medlemene organiserte i næraste lokallag eller i distriktslaget.
- b. Medlemsrettar som det å vere valbar til tillitsverv, å ha tillitsverv, røysterett og rett til representasjon, er først gjeldande når kontingenten for inneverande år er betalt.

- c. Personar/institusjonar/organisasjonar som vil støtte Norges Bygdekvinnelag sitt arbeid, kan teikne støttemedlemskap. Støttemedlemar er ikkje knytt til lokallag eller distriktslag og har ikkje røyste- eller representasjonsrett.

## § 4 Organisasjon

---

- a. Norges Bygdekvinnelag sine medlemar er organiserte i lokallag med landsmøtet som høgaste vedtaksføre organ.
- b. Lokallaga i eit fylke skal slutta seg saman i distriktslag. Distriktslaga kan velje om dei vil dekkje eit område tilsvarande ny eller tidlegare statleg organisering av fylkeskommunane. Ved samanslåing av tidlegare distriktslag skal reglane i §16 følgjast. Det høgste vedtaksføre organet i distriktslaget er årsmøtet.
- c. Norges Bygdekvinnelag, Norges Bygdeungdomslag og Norges Bondelag er gjensidig representerte i styra i distriktslag og hovudorganisasjon. I dei fylka der Bygdekvinnelaget har fleire distriktslag enn Bondelaget har distriktslag, skal distriktslaga etter tur ha representant i styret til Bondelaget. Distriktslag som ikkje får styrerepresentant, skal ha vararepresentant. Både representant og vararepresentantar vert valte for 2 år om gongen. Tilsvarande gjeld representasjon i Bygdeungdomslaget. Det bør vere gjensidig representasjon i lokallaga.
- d. Noregs Bygdekvinnelag har ein felles logo for alle organisasjonsledd. Denne kan nyttast med namnet på lokallaget, distriktslaget eller Norges Bygdekvinnelag.
- e. Lokal- og distriktslag skal følgje organisasjonen sine vedtak, gjeldande vedtekter og styringsdokument. Lokal- distrikts- og sentralleddet skal handsame saker frå medlemene. Om lokal- eller distriktslag ynskjer å sende oppmodingar til sentrale styresmakter skal saka sendast til Norges Bygdekvinnelag for vidare handsaming.
- f. Leiarverv i Norges Bygdekvinnelag, distriktslag og lokallag har ei makstid på 6 år samanhengande.

## § 5 Landsmøte/årsmøte

- a. Det høgaste vedtaksføre organ i Norges Bygdekvinnelag er landsmøtet.
- b. Ordinært landsmøte vert halde annakvart år innan utgangen av juni, og skal så langt det er råd, haldast skiftesvis i dei ulike landsdelane. Distriktsårsmøta vert haldne årleg innan 1.april. Lokallaga held årsmøta sine årleg, innan 1. november.
- c. Landsmøte/årsmøte vert kalla inn av styret ved leiar.
- d. Ekstraordinært landsmøte vert halde når minst halvparten av styret eller når minst halvparten av årsmøterepresentantane krev det. Ekstraordinært distriktsårsmøte skal haldast når minst halvparten av styremedlemene, når 1/4 av medlemene eller når hovudorganisasjonen krev det. Ekstraordinært lokallagsårsmøte skal haldast når minst halvparten av styremedlemene, når 1/4 av medlemene i laget eller når vedkommande distriktslag krev det.
- e. Landsmøtet skal verte kunngjort minst 10 veker på førehand, distriktsårsmøtet minst 8 veker på førehand og lokallagsårsmøtet minst 4 veker på førehand. Alle med skriftleg varsel. Innkalling og sakliste/dokument for landsmøte skal sendast ut minst 4 veker før møtet, for årsmøte 2 veker før møtet. Ekstraordinært landsmøte/årsmøte kan kallast inn med 2 vekers varsel.

- f. Rett til å leggje fram saker for landsmøtet har Norges Bygdekvinnelag sitt styre, distriktslag og lokallaga etter tilslutning i distriktslag, Norges Bondelag og Norges Bygdeungdomslag. Saker som skal handsamast av landsmøtet må ha kome inn til styret minst 8 veker før ordinært landsmøte skal haldast. Framlegg til vedtektsendringar og endringar i politisk plattform må vere kome til styret minst 16 veker før ordinært landsmøte skal haldast.

- g. Rett til å leggje fram saker for distriktsårsmøtet har distriktssty-

ret og tilsvarende organisasjonsledd i Bondelaget og Bygdeungdomslaget, samt distriktslaget sine lokallag. Sakene må vere kome til styret minst 6 veker før årsmøtet. Rett til å leggje fram saker for lokallaget sitt årsmøte har styret og laget sine medlemar. Om lokale bondelag og bygdeungdomslag er representerte i styret, har dei rett til å leggje fram saker. Sakene må vere kome til styret 3 veker før årsmøtet.

- h. Sentralstyret har rett til å leggje fram saker for landsmøtet som ikkje er førte opp på saklista. Det kan ikkje fattast vedtak i desse utan landsmøtet si godkjenning. Det same gjeld for distriktsstyret/lokallagsstyret og deira årsmøte. Saker som gjeld vedtektsendringar, politisk plattform og oppløysing av lokallag, distriktslag eller Norges Bygdekvinnelag må følgje tidsfristane gitt i §5 bokstav f og §§ 18,19 og 20.

### I. LANDSMØTET ER SETT SAMAN AV:

1. Sentralstyret sine medlemar.
2. Distriktslaget sin leiar og 1 representant for kvart påbegynte 200. medlem i distriktslaget.
3. 2 representantar valde av Norges Bondelag.
4. 2 representantar valde av Norges Bygdeungdomslag.

### DISTRIKTSÅRSMØTET ER SETT SAMAN AV:

1. Distriktsstyrets medlemmer.
2. Leder av lokallaget pluss en valgt representant for hvert lag med inntil 20 medlemmer og en valgt representant for hvert videre påbegynte 50. medlem.
3. 2 representanter fra tilsvarende organisasjonsledd i Bondelaget.
4. 2 representanter fra tilsvarende organisasjonsledd i Bygdeungdomslaget

### LOKALLAGSÅRSMØTET ER SETT SAMAN AV:

1. Styret sine medlemar.
2. Resterande medlemar.



Note til 5i:

**DISTRIKTLAG VIL FÅ FØLGJANDE UTSENDINGAR TIL LANDSMØTET:**

Distriktslag med opptil 200 medlemmer får 2 representantar, (leder + 1repr.)

Distriktslag med 201-400 medlemmer får 3 representantar (leder + 2 repr.)

Distriktslag med 401-600 medlemmer får 4 representantar (leder+ 3 repr.)

Distriktslag med 601-800 medlemmer får 5 representantar (leder+ 4 repr.)

Distriktslag med 801-1000 medlemmer får 6 representantar (leder+ 5 repr.)

**LOKALLAG VIL FÅ FØLGJANDE UTSENDINGAR TIL DISTRIKTSÅRSMØTENE:**

Lag med opptil 20 medlemmer får 2 repr. (leder+1)

Lag med 21-70 medlemmer får 3 repr. (leder +2)

Lag med 71-120 medlemmer får 4 repr. (leder+3)

Lag med 121-170 medlemmer får 5 repr. (leder+4)

Lag med 171-220 medlemmer får 6 repr. (leder+5)

- j.** Alle landsmøte- /årsmøteutsendingar har møte-, tale-, forslag- og røysterett.
  1. Styret har ikkje røysterett når det gjeld årsmelding og rekneskap.
  2. 1. vararepresentant til sentralstyret har talerett på landsmøtet og 1. vararepresentant til distriktsstyret har talerett på distriktsårsmøtet.
  3. Medlemar av valnemnda har talerett i dei sakene valnemnda innstiller til.
  4. Generalsekretæren har talerett på landsmøtet.
  5. Alle medlemar og støtte-medlemar av Norges Bygdekvinnelag har rett til å følgje forhandlingane i landsmøte/årsmøte, men dei har ikkje tale- og framleggsrett. Landsmøtet/årsmøtet kan i særskilde høve gje talerett.
- k.** Landsmøtet/årsmøtet kan vedta at einskilde saker vert handsama i lukka møte, og avgjer då korleis vedtak i desse sakene skal kunngjerast.
- l.** Kost- og opphaldsutgifter til landsmøtedelegatane vert betalte av Norges Bygdekvinnelag sentralt. Distriktslag dekkjer reiseutgifter for sine delegatar. Reisefordelingsprinsippet, fordeling pr. delegat, vert lagt til grunn. Norges Bondelag og Norges Bygdeungdomslag betaler sjølv for sine representantar.

## § 6 Landsmøtets/årsmøtets gjøremål

**MØTET SKAL:**

- a.** Velje 2 som saman med leiaren skal underteikne protokollen.
- b.** Handsame styret sitt forslag til årsmelding for Norges Bygdekvinnelag/distriktslag/lokallag.
- c.** Handsame rekneskap med melding frå revisor.
- d.** Handsame forslag til arbeidsplan.
- e.** Handsame styret sitt forslag til kontingent og budsjett.
- f.** Handsame melding og rekneskap for styre, utval og fond valde av landsmøtet/årsmøtet.
- g.** Velje:
  1. Leiar, nestleiar og styremedlemmar med vararepresentantar for gjeldande organisasjons- ledd. For sentralstyret vert alle valt for to år, medan for distriktslag og lokallag vert leiar valt for eit år og dei andre styremedlemmane for to år, på ein slik måte at berre halvparten av styremedlemmane er på val samstundes. I distrikts- og lokallag vert vararepresentantar valt for eit år
  2. Medlemar med vararepresentantar til valnemnd.
  3. Utsendingar til landsmøte/årsmøte.
  4. Møteleiar med vara for komande landsmøte/årsmøte.
  5. Revisor/revisorar og fastsetje godtgjersle for tillitsvalde revisorar.
- h.** Etter forslag frå valnemnda fastsetje godtgjersle til tillitsvalde, godtgjersle for reise-, kost- og opphaldsutgifter, eventuelt andre godtgjersler.
- i.** Handsame andre saker som vert lagt fram.
- j.** Føre protokoll.



## § 7 Styret

---

- a.** Norges Bygdekvinnelag sine organisasjonsledd vert leia av eit styre vald av landsmøtet/årsmøtet, sentralstyre, distriktsstyre og lokallagsstyre.
- b.** Styret er ansvarleg overfor landsmøtet/årsmøtet for si verksemd og forvaltning av Norges Bygdekvinnelag sine midlar.
- c.** Sentralstyret er sett saman av 9 medlemar og 3 varamedleamar. 7 vert valde av landsmøtet. 1 medlem vert vald av Norges Bondelag, og 1 medlem vert vald av Norges Bygdeungdomslag. Distriktsstyret er sett saman av 5-7 medlemar og 2-3 varamedleamar valde av årsmøtet, samt ein medlem frå tilsvarande organisasjonsledd i Norges Bondelag og ein medlem frå tilsvarande organisasjonsledd i Norges Bygdeungdomslag. Lokallagsstyra er sett saman av 3-7 medlemar valde av årsmøtet og 1-3 varamedleamar, ein medlem vald av det lokale bondelaget og ein medlem vald av det lokale bygdeungdomslaget.
- d.** Mindre saker kan verte avgjort av eit arbeidsutval på 3 medlemar. Leiaren og nestleiaren er sjølvskrivne medlemar av utvalet. 1 medlem vert vald av og innan styret. Vedtak fatta av arbeidsutvalet skal leggjast fram for styret.
- e.** Styret har møte når leiaren fastset det, eller når minst halvparten av styremedlemane krev det. Styret er vedtaksdyktige når minst halvparten av medlemmane møter. Ved likt røystetal avgjer leiaren si røyst. Generalsekretæren tek del i sentralstyremøta med talerett, men har ikkje røysterett.
- f.** Styret kan når det er tenleg setje ned utval/komitear med 2 til 5 medlemar og lage instruks for desse.
- g.** Styret sine oppgåver er å:
  1. Leie laget sitt arbeid i samsvar med Norges Bygdekvinnelag sine vedtak, vedtekter og styringsdokument.
  2. Ta opp saker som er av interesse for medlemmane og laget.
  3. Handsame saker som vert sendt frå medlemar/andre organisasjonsledd.
  4. Ha ansvar for rekruttering og medlemsverving.
  5. Administrere og føre nødvendig kontroll med organisasjonen sin økonomi.
  6. Førebu saker som skal leggast fram for landsmøtet/årsmøte.
  7. Tilsette og avsette generalsekretær i Norges Bygdekvinnelag.

8. Generalsekretær har fullmakt til å tilsette og til å utøve personalpolitikk etter retningslinjer gjevne av sentralstyret.
9. Velje representantar til organisasjonar Norges Bygdekvinnelag er tilslutta.

- h.** Om eit lokal- eller distriktslag fattar vedtak som er i strid med Norges Bygdekvinnelag sine vedtekter eller vedtak, kan sentralstyret oppheve vedtaket.
- i.** Norges Bygdekvinnelag pliktar seg med underskrift av leiar og generalsekretær saman. Styret kan i særskilde høve gi fullmakt og melde prokura. Distriktslag og lokallag pliktar seg ved underskrift av leiar.
- j.** Det skal førast protokoll over styret og arbeidsutvalet sine drøftingar. Det same gjeld for utval, nemnder og styre som er utpeika av styret.
- k.** Alle val av Norges Bygdekvinnelag sine styremedleamar vert gjennomførte med skriftleg votering når det gjeld leiar, nestleiar, styremedleamar og varamedleamar.

På distrikts- og lokallagsnivå skal det gjennomførast skriftleg val om det er fleire kandidatar til eit verv eller når nokon krev det.

Andre val kan verte gjennomførte ved andre voteringsmåtar med årsmøtet si godkjenning.

Kravet til godkjende val ved skriftleg votering er meir enn halvparten av dei leverte/registrerte røystene - absolutt fleirtal. Blanke stemmer tel. Får ingen av kandidatane absolutt fleirtal, må ein ta ny votering. Får ingen av kandidatane absolutt fleirtal i andre valomgang, vert det bunde omval mellom dei 2 kandidatane som har fått flest stemmer. Vert det likt stemmetal i denne valomgangen, vert valet avgjort ved loddtrekking.

## § 8 Økonomisk ansvar

---

Norges Bygdekvinnelag er ikkje ansvarleg for dei økonomiske og organisasjonsmessige vedtak og disposisjonar som lokallag og distriktslag gjer, med mindre desse er lagt fram og godkjente av Norges Bygdekvinnelag sitt styre.

## § 9 Kontingent

---

Medlemene betalar årleg kontingent til Norges Bygdekvinnelag. Kontingenten vert fastsett av Norges Bygdekvinnelag sitt landsmøte. Kontingenten skal vere betalt til Norges Bygdekvinnelag innan 15. februar.

## § 10 Fond

---

- a. Etter godkjenning av landsmøtet kan Norges Bygdekvinnelag setje av midlar til fond som arbeidsfond, driftsfond og liknande. Desse fonda vert disponerte av styret i Norges Bygdekvinnelag om anna ikkje er vedtatt.
- b. Fond med eigne styre disponerer fondet si avkasting etter gjeldande statuttar. Melding og rekneskap skal leggjast fram for landsmøtet/årsmøtet i Norges Bygdekvinnelag/distriktslag/lokallag.

## § 11 Rekneskap

---

Norges Bygdekvinnelag skal ha eige spesifisert rekneskap som reviderast av offentleg godkjent revisor. Rekneskapen følgjer kalenderåret. Distriktslag og lokallag skal ha spesifisert rekneskap som følgjer årsmøteperioden, revidert av 2 årsmøtevalde revisorar. Dei laga som nyttar autorisert rekneskapsbyrå, treng ikkje årsmøtevalde revisorar for å gå gjennom rekneskapet.

## § 12 Meldingar

---

Lokallag, distriktslag og faste utval har plikt til å gje meldingar og opplysningar som styret i Norges Bygdekvinnelag ber om. Tillitsvalde som representerer Norges Bygdekvinnelag i andre organisasjonar, komitear, utval og liknande må gje styret i Norges Bygdekvinnelag melding om sitt arbeid. Slike tillitsvalde kan ikkje gjere Norges Bygdekvinnelag ansvarleg utan etter særskilt fullmakt.

## § 13 Endring av vedtektene

---

Endringar i Norges Bygdekvinnelag sine vedtekter og politisk plattform kan berre gjerast på ordinært landsmøte i Norges Bygdekvinnelag med 2/3 fleirtal. Endring i politisk plattform skal sendast på høyring til distriktslaga og lokallaga. Styret si innstilling i desse sakene vert sendt ut saman med innkalling og sakliste/dokument 4 veker før landsmøtet.

## § 14 Stifting av nye lokallag

---

Interesserte kan ta initiativ til stifting av lokallag. Dei må då halde eit ope møte der ein representant frå distriktslaget eller sentralledet informerer om Norges Bygdekvinnelag. Møtet må vedta å stifte lokallag samt vedta Norges Bygdekvinnelag sine vedtekter som vedtekter for laget. Vidare må møtet vedta namn på laget, og det må veljast styre for laget. Protokoll frå stiftingsmøte skal sendast til Norges Bygdekvinnelag for godkjenning. Når godkjenning ligg føre, skal laget registrere seg i Frivillighetsregisteret i Brønnøysund og opprette eigen bankkonto.

## § 15 Samanslåing av lokallag

---

Vedtak om samanslåing med eit anna lag må verte fatta i årsmøtet med 3/4 fleirtal av dei som er til stades på årsmøtet. Frammøte må vera minst 50 prosent av medlems-talet. Om ikkje 50 prosent av medlemsmassen er til stades på årsmøtet der samanslåing vert handsama, anten personleg eller ved fullmakt, kan det bli kalla inn til ekstraordinært årsmøte. Eit vedtak om samanslåing kan då verte fatta med 3/4 fleirtal av dei frammmøtte på det ekstraordinære årsmøtet. Innkalling til ekstraordinært årsmøte kan ikkje skje før tidlegast to veker etter ordinært årsmøte. Innkalling må sendast seinast to veker før møtet.

Norges Bygdekvinnelag og distriktslaget skal ha skriftleg melding om forslag om samanslåing av lokallag seinast 1 måned før årsmøtet. Om laget vert slått saman med eit anna lag, går formue, fast eigedom og arkiv til det nye laget.

## § 16 Samanslåing av distriktslag

---

Vedtak om samanslåing med anna distriktslag må fattast i årsmøte med 3/4 fleirtal av delegatane som er til stades på årsmøtet. Frammøte må vere minst 50% av moge-leg tal på delegatar. Dersom ikkje 50% er til stades på årsmøtet der samanslåing skal handsamast, anten personleg eller ved fullmakt, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte. Vedtak om samanslåing kan då fattast med 3/4 av dei frammmøtte på det ekstraordinære årsmøtet.

Innkalling til ekstraordinært årsmøte kan ikkje skje før tidlegast to veker etter ordinært årsmøte. Det skal kallast inn med minimum to vekers varsel.

Norges Bygdekvinnelag skal ha skriftleg melding om forslag om samanslåing av distriktslag seinast ein måned før årsmøtet. Når distriktslag slår seg saman, går formuar, fast eigedom og arkiv frå desse laga til det nye distriktslaget.

## § 17 Overgang til nytt distriktslag

---

Lokallag kan vedta overgang til nytt distriktslag når nye statleg vedtekne fylkesgrenser gjer dette tenleg. Slikt vedtak må fattast på same måte som vedtak om samanslåing av lokallag jfr. reglane i §15. Overgangen må godkjennast av Norges Bygdekvinnelag.

## § 18 Oppløysing av lokallag

---

Vedtak om oppløysing av lokallag må verte fatta av to årsmøte etter kvarandre med 3/4 fleirtal av årsmøtet sine frammmøtte medlemar. Innkalling til ekstraordinært årsmøte kan ikkje skje før tidlegast to månader etter ordinært årsmøte. Distriktslaget og sentralstyret i Norges Bygdekvinnelag skal ha skriftleg melding om slike framlegg seinast to månader før første gangs handsaming. Om laget ikkje lenger har betalande medlemar til å gjennomføre ekstraordinært årsmøte, får Norges Bygdekvinnelag ansvaret for vidare handsaming av saka.

Ved oppløysing av lokallaget skal laget sine bankinnskot og kontantar gå inn i Norges Bygdekvinnelag sitt oppstartsfond. Laget sitt arkiv skal gå til det respektive distriktslaget. Laget sine resterande eigendelar skal fordelast av lokallagsstyret. Fast eigedom skal gå til det respektive distriktslaget.



## § 19 Oppløysing av distriktslag

---

Vedtak om oppløysing av distriktslag må verte fatta av to årsmøte etter kvarandre med 3/4 fleirtal av årsmøtet sine frammøtte medlemar. Frammøte av det totale talet valde representantar på årsmøtet må vere minst 50 prosent. Om ikkje kravet om 50 prosent frammøte, anten personleg eller ved fullmakt, vert innfridd, skal saka sendast til styret i Norges Bygdekvinnelag. Innkalling til ekstraordinært årsmøte kan ikkje skje før tidlegast to månader etter første årsmøte. Framlegg om oppløysing må på førehand og seinast tre månader før første årsmøte vere sendt lokallaga for uttale. Styret i Norges Bygdekvinnelag skal ha skriftleg melding om framlegget seinast tre månader før første gongs handsaming. Ved oppløysing av distriktslaget skal laget sitt bankinnskott og kontantbeholdning gå til Norges Bygdekvinnelag sitt oppstartsfond. Laget sitt arkiv og fast eigedom skal gå til Norges Bygdekvinnelag. Distriktsstyret har ansvar for å fordele laget sine resterande eigendelar.

## § 20 Oppløysing av Norges Bygdekvinnelag

---

Vedtak om oppløysing av Norges Bygdekvinnelag må verte fatta av 2 landsmøte etter kvarandre med 3/4 fleirtal av dei landsmøteutsendingane som er til stades. Frammøte av det totale talet representantar må vere minst 75 prosent av valde delegatar. Det må vere minst 6 månader mellom dei 2 landsmøta. Framlegg om oppløysing må på førehand - seinast 3 månader før landsmøtet - vere sendt lokal- og distriktslaga til uttale.

Om Norges Bygdekvinnelag vert oppløyst, avgjer det siste årsmøtet med 3/4 fleirtal korleis eventuell formue skal brukast.

# Reglar og instruks

---

## for valnemnder

### I Val av valnemnd

---

Norges Bygdekvinnelag sitt landsmøte vel 1 representant med personleg vararepresentant til valnemnda, frå kvar av dei 4 valsonene:

- Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag
- Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland
- Vest-Agder, Aust-Agder, Vestfold, Østfold og Telemark
- Oppland, Hedmark, Buskerud og Akershus

Landsmøtet skal velje leiar og nestleiar blant dei valde medlemane av valnemnda.

Valet av medlemar og varamedlemar gjeld for 2 landsmøteperiodar, medan leiar og nestleiar vert valde for 1 landsmøteperiode. Halvparten av medlemane er på val annankvar valperiode.

Årsmøta i distriktslag og lokallag vel ei valnemnd med 2-3 medlemar og 1 varamedlem. Desse vert valde for 3-4 år med rullering. Medlemen som har sete lengst vert leiar for nemnda og går ut ved neste val. Medlem nr.2 rykkjer då opp som leier. Nytt varamedlem vert vald kvart år.

## II Valnemnda sitt arbeid

---

- a.** Valnemnda skal leggje fram si innstilling for landsmøtet/årsmøtet jfr. Vedtektene §6 g.
- b.** Valnemnda si innstilling skal ligge føre seinast ved utsending av ordinære saksdokument til landsmøte-/årsmøtereferentane. Ved ekstraordinære høve kan valnemnda fremje si innstilling under landsmøtet/årsmøtet.
- c.** Lokal- og distriktslag kan fremje forslag om personar til sentrale tillitsverv. Desse må vere valnemnda i hende seinast 3 månader før landsmøtet.
- d.** Forslag om personar til distrikts- og lokallagsstyra må vere dei respektive valnemndene i hende seinast 6 veker før årsmøta.
- e.** Valnemnda sin leiar har møterett på landsmøtet/årsmøtet under handsaming av sakene valnemnda innstiller til.
- f.** Norges Bygdekvinnelag sin generalsekretær fungerer som sekretær for den sentrale valnemnda.



# Bygdekvinnelaget sine etiske k yrereglar

Vi skal respektere kvarandre

Vi skal vere opne og  rlege

Vi skal syne engasjement

Vi skal vere lojale mot avtalar og avgjersler

Vi skal skape trivsel, stolthet og glede